

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/6166-1

Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.

Vedlegg:

1. Fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

2. Rundskriv Fraværsgrense Udir-3-2016

SAKSFRAMSTILLING

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 14/12 felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane, gjeldande frå 1.8.2012. Reglementet bygde på forskrift til opplæringslova.

Kunnskapsdepartementet har i [forskrift til opplæringslova § 3-3](#) innført fråværsgrense for udokumentert fråvær i fag med verknad frå 01.08.2016. Rundskriv [Fraværsgrense Udir-3-2016](#) skildrar fråværsgrensa i korte trekk slik:

- *Elever i videregående skole skal møte opp og delta aktivt i opplæringen.*
- *Hvis en elev har mer enn 10 prosent udokumentert fravær i et fag, vil han eller hun som hovedregel ikke ha rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget, og læreren kan heller ikke sette slike karakterer.*
- *Eleven må legge fram relevant dokumentasjon for å få fravær unntatt fra fraværsgrensen.*
- *Hvis eleven har mellom 10 og 15 prosent udokumentert fravær og fraværårsaken gjør det klart urimelig at eleven ikke skal kunne få karakter, kan rektor bestemme at han eller hun likevel får karakter.*
- *Fraværsgrensen gjelder timefravær i enkeltfag, ikke elevenes totale fravær.*
- *Eleven skal få et varsel om han eller hun står i fare for å ikke få karakter på grunn av fravær.*

Med bakgrunn i dette legg fylkesdirektøren for opplæring fram vedtak om eit revidert felles fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (vedlegg 1).

Fylkesdirektøren for opplæring har sendt utkast til felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane til elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane, dei vidaregåande skulane og ungdomspolitisk utval med frist for innspel 01.08.2016. Utover tilbakemeldingar frå dei vidaregåande skulane på at ordninga med felles fråværsreglement og kravskjema fungerer bra, er det ikkje kome innspel.